



Høyringsforslag - Forskrift 22. mai 2025 for skulefritidsordninga i Ulstein kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Ulstein kommune 22. Mai med heimel lov § 4-5 (5)

§ 1 Retningslinjer

- a. Drifta av skulefritidsordningane (SFO) skal vere i samsvar med lov og forskrift (Jfr. opplæringslova § 4-5).
- b. SFO skal drivast etter retningslinjer som er vedtekne i kommunestyret.
- c. SFO er eit tilbod til elevar på 1.-4. trinn, og for elevar med særskilde behov på 5.-7. trinn.
- d. Areal ute og inne skal vere eigna til formålet.
- e. SFO er eit frivillig tilbod i elevane si fritid, og foreldra må sjølv syte for evt. skyss av elevane.
- f. SFO skal drivast med utgangspunkt i rammeplan for SFO.
- g. Kommunen sine skulereglar gjeld også i SFO.

§ 2 Formål

- a. SFO skal bygge sin praksis på grunnleggande verdiar som er felles i formålsparagrafane til barnehagen og opplæringa.
- b. Verdigrunnlaget skal formidlast og praktiserast i alle delar av arbeidet i SFO og prege innhaldet og arbeidsmåttane.
- c. Barndommen har sin eigenverdi, og SFO skal, i samarbeid og forståing med heimen, ivareta barna sine behov for omsorg og tilsyn, samtidig som det vert gitt høve for meningsfull fritid og lek. SFO skal bidra til trivsel og glede i lek og tilrettelagde aktivitetar, og gi rom for rekreasjon og kvile.
- d. SFO skal ivareta og møte barna sine behov for omsorg, tryggleik, trivsel, tilhøyrse og anerkjening. SFO skal fremje barna si fysiske og psykiske helse og bidra til at dei opplev glede og meistring. SFO skal støtte utviklinga av trygge og gode relasjonar barna imellom, mellom barna og personalet og mellom personalet og barna sine foreldre.
- e. SFO skal innrettast slik at alle barn får gode utviklingsvilkår, uavhengig av barna sine føresetningar og behov for tilrettelegging, og bidra til at alle barn er ein del av et inkluderande fellesskap.

§ 3 Eigartilhøve

- a. Ulstein kommune eig og driv SFO ved grunnskulane i kommunen.
- b. Kommunestyret er ansvarleg politisk styringsorgan.

§ 4 Leiing, styring og ansvar

- a. Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for SFO ved sin skule.
- b. SFO har i tillegg ein assistent/fagarbeidar med koordineringsansvar. Det vert ikkje stilt krav om høgskuleutdanning for koordinator, men utdanning innan barne- og ungdomsarbeid er forventa.

§ 5 Bemanning

- a. I tillegg til koordinator, skal det tilsetjast assistentar/fagarbeidarar som til saman utgjer ei grunnbemanning etter regelen 15 barn per vaksen.
- b. Rektor er ansvarleg for at SFO-tilbodet vert organisert på ein forsvarleg måte.
- c. Personalet må legge fram politiattest før tilsetjing (Jfr. § 17-11 i opplæringslova).

§ 6 Opptak

- a. Føresette sender søknad om plass i foreldreportalen i www.vigilo.no. Søknadsfrist for hovudopptak er 15. april.
- b. Kvar einskild skule gjer opptaket og sender melding og ber om stadfesting. Når plassen er stadfesta og aktivert, eig eleven plassen til føresette seier den opp (automatisk oppseiing etter 4. trinn). NB! Så



ULSTEIN KOMMUNE

lengje plassen ikkje er sagt opp innan fristen (§ 10b), blir det fakturert for plassen og føresette må betale for den. Eventuell klage skal leggast fram for rektor ved skulen.

c. Kommunen tek atterhald om at det er nok søkjarar til at SFO kan kome i gang i krinsen. I dei høve SFO ikkje har plassar nok til alle som søker i krinsen, må det gjerast ei prioritering etter følgjande kriterium:

- Barn som treng spesiell omsorg og støtte.
- Barna sin alder. 1. årstrinn får prioritet.
- Barn av einslege forsyttarar.
- Sjukdom i heimen.
- Vanskelege bu- og leiketilhøve.

d. Barn som ikkje får plass etter hovudopptaket, vert sette på venteliste i den rekkefølge søknadane kjem inn. Det bør setjast av plassar til dei som evt. vinn fram med ei klage.

§ 7 Opningstider og plassalternativ

a. SFO si opningstid er i samsvar med skuleruta for grunnskulen. Rektor bestemmer opningstida ved sin skule jfr. § 5b.

b. Plassalternativ:

1) Full plass

2) Deltidsplass inntil 12 timar i veka.

2) Gratis deltidsplass inntil 12 timar i veka. Timane vert fordelt på 2,4 timar kvar dag etter skuleslutt

§ 8 Ferie

a. SFO har ferieoppe i haust- og vinterferie og tre veker i sommarferien. Ferietilbodet vert gitt ved Ulsteinvik barneskule. Påmelde i SFO kan nytte ferietilbodet i høve plass-storleik. Elevar som går ut 1.–4. klasse, kan nytte ferietilbodet ut juni månad. Ferietilbodet i august kan nyttast av påmelde i SFO som komande skuleår skal gå i 1.–4. klasse.

Det er ikkje SFO i samband med skulefri ved jul, påske og andre høgtider samt studie- og planleggings dagar.

§ 9 Foreldrebetaling

a. Kommunestyret fastset satsane for foreldrebetalinga i samband med handsaming av budsjettet kvart år. Satsane følgjer skuleåret.

b. Moderasjonsordningar i SFO:

- 25% søskenmoderasjon for barn nummer to og evt. fleire barn frå same heim.
- Redusert foreldrebetaling med bakgrunn i dokumentert inntekt. Søknad i foreldreportalen i www.vigilo.no.
- 12 timar gratis kjernetid for alle på 1., 2. og 3. trinn.
- Gratis SFO for born med særskilde behov på 5.–7. trinn.

c. Matpengar vert fakturert månadleg.

d. Dersom barnet blir henta for seint, slik at det utløyser utvida opningstid, vil ein bli belasta med eit gebyr på kroner 150,- per påbegynt time.

e. SFO vert fakturert for 11 månader. Dette inkluderer ferietilbod. Gratis kjernetid gjeld også i feriane og er utrekna til 2,4 timar per dag (12 timar for 5 dagar/ei veke).

§ 10 Oppseiing og endring av plass

a. Oppseiing og endring av plass skal gjerast i foreldreportalen i www.vigilo.no.

b. Ein kan sei opp eller endre plassen gjennom heile året, med to månadar varsel. Oppseiinga eller endringa gjeld frå 1. i påfølgjande månad.

b. Kommunen kan sei opp plassar det ikkje vert betalt for. Innkrevjing av uteståande beløp skal skje etter kommunen sine retningslinjer. Det blir sendt ut varsel om oppseiing av plass til føresette og rektor ved den aktuelle skule med oppmoding om å kome i dialog med økonomiavdelinga om ei



ULSTEIN KOMMUNE

betalingsordning. Dersom dette ikkje skjer, vil plassen og fakturering opphøre frå den første heile månaden etter siste fakturering. Alle spørsmål vedkomande betaling, skal rettast til økonomiavdelinga.

§ 12 Ansvar

- a. Ulstein kommune har kollektiv ulykkesforsikring for elevane i den tida dei er i SFO.
- b. Internkontrollsystemet for skulen omfattar også SFO.

§ 13 Foreldremøte

Det bør haldast minst eitt foreldremøte per år. Første møtet skal haldast tidleg i haustsemesteret.

§ 14 Teieplikt

Alle som arbeider i skulefritidsordningane, har teieplikt etter Forvaltningslova § 13.

§ 15 Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft frå og med 1. august 2025.